



**Notat**

Dato: 06.05.2016  
Arkivsak: 2016/3735-48  
Saksbehandlar: birhau

---

Til: Fylkesutvalet

---

Frå: Fylkesrådmannen

---

**Justering av tilbodsstruktur - økonomiske konsekvensar av vedtaket i OPHE  
28.04.16**

Under behandlinga av sak 47/16 Justering av tilbodsstruktur for dei vidaregåande skulane, skuleåret 2016/17 sette Tor Andre Ljosland (KrF) fram slik protokollmerknad:

«Ber om at dei økonomiske konsekvensane av vedtaket blir lagt fram til fylkesutvalet sitt møte.» (19. mai)

Iflg. protokollen frå møtet vart rådmannen si innstilling vedteken med tre unnatak:

1. Odda vidaregåande skule: Vg2 Kjøretøy vart ikkje lagt ned
2. Norheimsund vidaregåande skule: Vg1 Bygg- og anleggsteknikk vart ikkje lagt ned
3. Arna vidaregåande skule: Vg1 Teknikk og industriell produksjon vart ikkje lagt ned

Skule	Tilbod	Primær-søkjarar	Skulen si budsjettstyrking
Odda vgs	TIP- Vg2 Kjøretøy	3	I underkant av kr 0,3 mill kr
Norheimsund vgs	BA – Vg1 Bygg og anleggstekninkk	4	I underkant kr 0,4 mill kr
Arna vgs	TIP Vg1 Teknikk og industriell produksjon	7	I underkant av 1,0 mill kr <sup>1</sup>

<sup>1</sup> Skulen har ikkje andre TIP-tilbod og får difor botnsum i tillegg til elevsats.

Dersom ein legg til grunn at kostnad ved drift av eit tilbod er om lag 1,5 mill kroner, vil ingen av dei tre skulane kunne drive sine tilbod i økonomisk balanse. Samstundes vil andre skular få færre elevar i sine grupper og lågare budsjett-tildeling, slik at dei også får dårlegare økonomi.